

Emnenr. 18.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne:

Bygdelag: Karmöysida.

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

Er 61 år gl.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spm. 1. Juletreet er no vanleg i alle manns hus. I mi barndomstid var det helst berre "dei betrestilla" som hadde juletre. Her var då ikkje skog og trene måtte kjøpast i byen. Dette hadde folk ikkje råd til.

2. Fyrste juletrete eg hugsar var på "sundagsskulen". Sundagsskulen heldt til på bedehuset. Der var nokså høgt under taket, og trete gjekk heilt opp.

I kyrkja og på skulane har eg ikkje set dei bruka juletre her, men sundagsskulen go andre lagst foreningar og lag brukar det - helst i stor stil no. "Julatrefest" vert etter kvart eit forretningsspørsmål.

4 og 5. Det å pynta ut sjølva stova har eg ikkje set her.

6. På juletrete vert bruka alle storleikar. Der det er barn i huset vert trete helst noko stort. Der det er berre vaksne, går dei helst ikkje ikring trete, og då har dei helst berre eit lite som vert sett på eit bord.

7. Lys må det vera på alle julatrer. Elles vert brukt til pynt det som er for hand. Under krigen måtte dei hjelpa seg med det som låg att frå før krigen, eller det som kvinnene kunde laga sjölv. Det vert bruka mykje glitter av ymse sort, mange slags lita papir i mange slag formasjonar og utklypt på mange slags måtar. Hjarteforma papirkorger sett saman av to slags kolörte pair har vore mykje vanleg.

8. Det er helst mora som pyntar trete - helst med alle småbarne sitjande forvetne rund seg.

9. Större tre står på goldet på ein "fot". Foten er ein trekross med eit firkanta holi, der trete vert sett nedi.

10. Lysa vert alltid tennt julafta, så barna får gå rundt trete då før dei legg seg. Elles er dei heil ymse med tenninga

11. Der det er barn er den store festen når dei går rundt trete. Der det er berre vaksne folk, vert trete, som nemnt, ofte brukt berre til pynt i helga. Når dei går rundt trete, anten det er i heimen eller i foreningar o.l. syng dei alltid julesongar (jelusalmar). Når det er vaksne folk - i ungdomslag o.l. - syng dei så å seie alle dei julesongar som finns på örent. Barna held seg meir til dei utvalde julesongane i salmeboka, og skuleboka.

12. Juletrete vert ståande til nålene tek til å falla av.

13. Ein seier at ein "hausta" trete. Det er ofte ein som kler seg ut som nisse og delar ut gävone.

14. Det er praktisk tala berre gran som vert nytta.

15. I mi barndomstid hadde ein som før nemnt sjeldan juletre. I mi bygd vart det bruka såkalla "jalakruna". Det

2


kruner som var laga av "röyr" (siv) og var samansette på mange slags måtar. I dei einskilde hus hadde dei sin eigen, meir eller minder sindrik, måte å laga desse kruner på. Desse krunene vart så pynte på same vis som trerne. Andre surogater kjenner eg ikkje til.

16. Julenekt "julaband" vart sett på ein stake utanfor stovevindauga julafta.

Om halm på golvet julafta hugsar eg ingen ting.

Avaldsnes den 15/4 1950

4394


Peder Skeie

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Peder Skeie

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

TELEFON:
KONTORET, DALEN 7010
SKEIE SJØLV 7022
HEIMEN, MELAND 7011

Avaldsnes, den 8/11 1950

Norsk Etnologisk Gransking.

Bygdøy.

Som De vil ha set, vart det lite arbeid eg kom til å gjera for Dykk. Di verre fekk eg så altfor mykje å gjera for meg sjölv, så eg har ikkje kunna set av noko tid til Dykkar oppgåver. Eg har framleis interesse for å kunna arbeida med Dykkar saker, og eg trur at eg ut over vinteren skal kunna vinna på noko/

I skriv den 24. mai d.å. bad De om nærmare opplysing om julakruna. Heller ikkje dette skrivet har eg kunna svara på för. Ein av oråkene til dette er at eg nok hadde glöymt ut noko om detaljene med julakruna, så eg har måtta tenkt noko over det. Til slutt fekk eg tak på ein del siv og laga ein av terningane.

Vedlagt sender eg eit riss, som truleg vil gi noko rettleiing.

Ei julakruna vert nemlag laga av siv (röyr - seier me) Ho kan lagast på mange måtar. Alle måtane går ut på at det vert laga terningar av siven. Ein sort krunga kan vera av ein stor terning med omlag 75 cm. sider. Den som me bruka heime, og som eg her skal syna, var laga av fleire små terningar. Eg er ein dårleg teiknar, men sender med eit riss som De får prøva å finna ut av. Riss A. syner ein av terningane. Riss B. syner når fleire er sett saman til krunga, set frå sida. Sett ovanfrå vert krunga firkanta. Eg har synt korleis lysa vart sette på. Som pynt brukte ein kva ein hadde. Glimmertråd måtte til. Så laga ein papirkorger samansett av 2 slags kulört papir. Dei er synte på risset som hjarteforma. Oppi korgene la ein gjerne fiken eller anna godt. Julamenner og julakoner (bakarverk) vert ofte hengt på. Så kunde det vera blekk-englar og blekk-sjydner osv.

Dette var det eg har å seie om julakruna.


4872, til 4394

Vyrdnings
Peder Skeie


4

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

a



B-



hil 4394

4872